




Møre og Romsdal
fylkeskommune



Program for berekraftig by- og tettstadutvikling

Oppsummering av arbeid i 2024 og arbeidet for 2025





Tulipaner i byparken, Kristiansund. Foto: Bente Elshaug

Innhold

Forord	4
Kva er oppnådd innan satsingsområda og kva har midlane gått til	6
1.1 Berekraftig tettstadutvikling – tilskot	6
1.2.Kunst i offentlege rom	6
1.3. Kulturmiljø som ressurs	7
1.4 Næringsutvikling i sentrumsområde	
Ferdigstilte byrom og møteplassar i 2024	8
Andre gjennomførte prosjekt	12
Besøk av Forum for stedsutvikling	20
Kompetansetiltak	22
Presse/kronikkar: eit utval	24
Plan for arbeidet i 2024	28
5.1 Program med nytt innhald i 2025	28
5.2 Satsingsområde i 2025	28
Gjesteskribenten: Olav Harald Ulstein, ordførar Sykkylven kommune	32
Tettstadprosjektet – ei positiv satsing	32

Forord

«Møre og Romsdal er eit forbilde innan stadutvikling», er tilbakemeldinga frå det nasjonale «Forum for stedsutvikling» som var på studietur i Møre og Romsdal i 2024. I august besøkte forumet sentrum i Ørsta, Sykkylven, Valldal, Åndalsnes og Molde. Her fekk representantar frå departement, direktorat og fylkeskommunar innblikk i arbeidsprosessar, resultat og korleis samarbeidet har gått føre seg. Kommunane gir unisont uttrykk for at det gode samarbeidet og midlane frå fylkeskommunen har betydd mykje.

Eg er stolt over tilbakemeldingane fylkeskommunen fekk, både frå forumet og frå kommunane som stilte opp som vertskap for reisefølget. Dette viser at by- og tettstadutvikling er eit godt døme på at fylkeskommunen spelar ei viktig rolle som samfunnsutviklar.

No er det slik med utviklingsarbeid at ein sjeldan kan seie seg ferdig. Det må leggst stein på stein, og dei som får til noko, får gjerne til meir etterkvart som kompetanse og erfaring blir bygd. Langvarig og systematisk arbeid er nøkkelen til gode resultat.

Fylkeskommunen har i 2024 bidrege med rådgiving og tilskot, og har sørga for at kompetanse blir delt. Men utan kommunar, næringsliv og innbyggjarar som ønsker å satse på staden sin, skjer det ingenting. Mange kommunar har i 2024 gjennomført ulike prosjekt og dei kan du lese om i denne årsrapporten.

Fylkestinget har for komande periode vedtatt ei redusert tilskotramme til fordeling til kommunale prosjekt. I 2025 må vi derfor utnytte dei ressursane vi har godt, og sørge for at moglegheitene som finst i nasjonale

ordningar og prosjekt og kjem kommunane våre til gode. For målet om at Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt fylke der det er godt å bu står fast.

Takk til kommunane og samarbeidspartar for godt samarbeid om by- og stadutvikling i 2024.

Toril Hovdenak

Toril Hovdenak

Fylkeskommunedirektør



Byparken, Kristiansund. Foto: Bente Elshaug, Kristiansund kommune



Sykkylven sentrum. Foto: Ingvild Gjerdsset, Møre og Romsdal fylkeskommune

Kva er oppnådd innan satsingsområda og kva har midlane gått til

1.1 Berekraftig tettstadutvikling – tilskot

I 2024 har følgjande prosjekt fått tilskot frå ordninga:

Kommune	Tiltak	Totalkostnad	Søkt beløp	Tilskot og tilskotsdel
Kristiansund	Gratis sundbåt	2 50000	1 000 000	1 000000/40%
Rauma	Moglegheitsstudie for Teglverket i Åndalsnes	900 000	450000	450 000/50%
Ulstein	Utvikling av trivselsgate i Ulsteinvik	2 725 000	800 000	800 000/30%
Herøy	Sentrumskoordinator	2 288 000	1 144 000	1 144 000 /50% statlege, regionale utviklingsmidlar
Vestnes	Detaljprosjektering av sjøfronten del 3, steg 2	500 000	250 000	250 000/50%
Sykkylven	Skaparglede i sentrum	3 316 000	1 390 000	1 390 000/45%
Sum		9 941 000	5 034 000	5 034 000

Tilskota til kommunane i 2024 bidreg til satsingsområda bustad og bustapolitikk, samarbeid om sentrum og utvikling av byrom for alle. Med unntak av støtta til Sundbåten (som er eit driftstilskot innanfor samferdselsområdet) gjekk prosjekta i 2024 til utgreiing og strategisk planlegging, samt prosjektleiing som sørger for at kommunane har utviklingskapasitet.

1.2. Kunst i offentlege rom

Eit bidrag til by- og tettstadprogrammet skulle vere eit samarbeid med Trøndelag og Vestland fylkeskommune om kunst i samfunnsutviklinga. Prosjektet fekk ikkje økonomisk støtte, og Møre og Romsdal og Vestland fylkeskommune har trekt seg ut av prosjektet.

I 2024 deltok Program for berekraftig by- og tettstadutvikling på PULS, ein serie nettverkssamlingar for, av og med kulturlivet i Ålesund kommune. Der har vi mellom anna haldt innlegg om kunst og kunstnaren si rolle i samfunnet og samfunnsutviklinga. Vi har også vore invitert med i arbeidet med planlegging av ny bydel på Sørsida i Ålesund og vore del av arbeidsgruppa som omhandla kunst og kultur i utviklinga av dette området.

1.3 Kulturmiljø som ressurs

Under satsingsområde 2024 melde Seksjon for kulturmiljø og friluftsliv inn i programmet at dei ville nytte biblioteka som arena for å skape lokalt engasjement rundt den mangeårige KIK-satsinga (Kulturmiljø i kommunane). Inneverande år har avdelinga internt arbeidd

vidare med utforminga av ideen. Gjennom arbeid med dette i 2024 har ein utvikla seg bort frå eit reint fokus på KIK-satsinga til å handle om ulike berekraftaspekt i kulturmiljøarbeidet. Kulturavdelinga ønsker å vise korleis dei ulike berekraftsaspekta heng saman med vern og gjenbruk av både arkitektur og bystruktur. Berekraftig bruk av bygningar heng nøye saman med vernet av byen. Det blir jobba vidare med konkretisering av korleis dette kan bli synleggjort og munne ut i konkrete tiltak/arrangement.

1.4 Næringsutvikling i sentrumsområde

Kompetanse og næringsavdelinga har utarbeidd ei tentativ projektskisse for satsing på næringsutvikling i sentrumsområde. I samband med prosjektutviklinga har det vore møte og drøftingar med fagpersonar i blant anna Innovasjon Norge og Distriktssenteret for å få innspel til innretninga.



Ålesund sentrum Foto: Jørgen Stavseng/Mateo Christensen, frå rapporten "Temporære undersøkelser"

Ferdigstilte byrom og møteplassar i 2024

Venstre, nedst:

Bankparken, Sykkylven

Foto: Kristin Støylen

Høgre, nedst:

Ringgata byrom, Ålesund

Foto: Ålesund kommune

Høgre, nedst:

Ringgata byrom, Ålesund

Foto: Ålesund kommune





Venstre, øvst:

Byparken Kristiansund
Foto: Bente Elshaug

Venstre, nedst

Hamnefront, Tingvoll
Foto: Tingvoll kommune

Høgre, nedst:

Byparken Kristiansund
Foto: Bente Elshaug



Andre gjennomførte prosjekt

Utviklingsplan for Fosnavåg. Utarbeiding av designmaual for Herøy kommune fekk i 2023 tilskot til å utarbeide ein utviklingsplan for Fosnavåg sentrum. Målet med planen var å reforankre arbeidet med sentrumsutvikling, utdjupe og konkretisere tidlegare gjennomført parallelloppdrag og gi eit fagleg grunnlag for områderegulering etter PBL. Utviklingsplanen inneheld utgreieng av tema som transport og mobilitet , byrom og fortetting av busetnad samt eit handlingsprogram med tiltak på kort og lang sikt. Arbeidet er utført av Civitas og Kima arkitekter. Utviklingsplanen blei behandla i kommunestyret i Herøy den 26.09.2024. Herøy kommune fekk i 2024 midlar til å tilsette ein sentrumskoordinator for å arbeide vidare med realisering av utviklingsplanen. Herøy kommune har og varsla oppstart av områderegulering for sentrum.



Illustrasjon: Utviklingsplan for Fosnavåg, Civitas og KIMA arkitektur

Stadanalyse og moglegheitsstudie Valderhaugstrand med Skaret. Giske kommune fekk i 2023 tilskot til å utarbeide ei stadanalyse og moglegheitstudie for Valderhaugstrand og Skaret. Målet med utgreiinga var å etablere eit kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av kommunesenteret. I løpet av våren og sommaren 2024 vart det halde åtte planverkstader for innbyggjarar, næringsliv og for representantar for politiske utval og råd i kommunen. Arbeidet munna ut i ei stadanalyse, eit utviklingskonsept med planillustrasjonar, dokumentasjon av medverknad og vurderingar med tilråding for vegen vidare. Stadanalyse og moglegheitstudie vart presentert for Giske kommunestyre i desember 2024. Formannskapet har i februar 2025 vedteke at stadanalysa og moglegheitsstudiet skal leggst til grunn for vidare arbeid med sentrum og lokalisering av nytt helsehus. Arbeidet vart utført av Asplan Viak, og utgreiingane er dokumentert i ei nettbasert kartfortelling som kan lesast her: <https://arcg.is/1H4ay1>



Illustrasjon: Moglegheitsstudie for Valderhaugstrand med Skaret



Utviklingsplan for Sunndalsøra. Sunndal kommune fekk i 2023 tilskot til å utarbeide eit moglegheitsstudie for Sunndalsøra sentrum. Målet med prosjektet var å oppdatere og vidareutvikle planane for sentrumsutvikling på Sunndalsøra og foreslå moglegheiter, strategiar og konkrete tiltak som kan bidra til å gjere sentrum meir aktivt og triveleg. Det vart utført ei parkeringsanalyse og det vart og sett særskilt på korleis Øratorget skal utviklast og korleis bygningane rundt torget skal spele betre saman med torget. Arbeidet vart presentert for Sunndal kommunestyre i oktober 2024. Kommunen har i etterkant av arbeidet revidert parkeringsføresegnene for sentrum. Arbeidet har vore utført av Fjordfaret arkitektkontor, Agraff arkitekter og Vianova.



Illustrasjon: Øratorget, Sunndalsøra. Fjordfaret Arkitektkontor

Gnist, Varde, Bruhagen. Gnist er eit innovasjonsprogram for kommunar som vil jobbe på nye måtar med lokalsamfunnsutvikling i regi av Design og arkitektur Norge (DOGA). Doga er ein stiftelse som har som føremål å stimulerer til bruk av design og arkitektur som verktøy for berekraftig stadutvikling. I 2024 ble Averøy kommune plukka ut til å delta med sin utfordring; å transformere den gamle skulebygningen Varde frå ein funksjonstømt ruin til å bli ein veiviser for berekraftig samfunnsutvikling i Averøy. Gjennom Gnist fekk kommunen hjelp av eit innovasjonsteam frå Natural State/Growlab/Anna design til å jobbe fram eit konseptforslag for nytt liv i Varde. Forslaget baserer seg på innsikt og analyse av bygningsmassen, lokale ønsker og markedsmoglegheitene i Averøy. Prosjektet er dokumentert på nettstaden www.vardeaveroy.no



Bilde: Varde, Bruhagen

Kristiansund, forprosjekt «Attraktive Nordmøre». Kristiansund kommune og Nordmøre næringsforum fekk i 2021 tilskot til å utarbeide eit forprosjekt med mål om å samle kunnskap, kartlegge og analysere strategiske satsingsområde for å fremme varig vekst i nordmørsregionen. Rapporten tek for seg fire tema: 1) Næringsvekst og berekraft, 2) Regionbyen Kristiansund, 3) Korleis sikre kompetanse til næringslivet på Nordmøre, 4) Omdøme.

I rapporten «regionbyen Kristiansund» blei det særskilt peika på behovet for betre samarbeid mellom private og offentlege aktørar i utvikling av Kristiansund sentrum. Kristiansund og Nordmøre Næringsforum har i etterkant av dette forprosjektet fulgt opp med å tilsette prosjektleiar for sentrumsutvikling.

Slutter i TK: – Jeg er ikke god på å si nei til spennende muligheter



Faksimile frå Tidens Krav; ny prosjektleiar for Kristiansund sentrum

Lysa på og Pop up X Aure, Sykkylven. Sykkylven kommune fekk i 2023 støtte til tilsetting av ein prosjektleiar for tettstadprosjektet. Prosjektet har vist kor stor betydning ein personersurs kan ha; kommunen har i samarbeid med næringsliv/lokale krefter fått gjennomført blant anna "Lysa på" som har vore ei kampanje for å få vist fram potensialet i ledige lokale i sentrum. Gjennom å vise fram potensielt innhald i dei tomme sentrumslokala i form av tenkte forretningskonsept med logo og med informasjon om tettstadprosjektet og kvar ein kan henvende seg om ein har ein ide, sette dei i gang tankar hos folk om kva som kunne vore i lokala. Resultatet vart at fleire lokale har fått innhald.



Bilde: Lysa på-kampanje: Vindusfolie. Foto: Ingvild Gjerdsset


Prosjektet fulgte opp med å få på plass eit lokale for at dei som går med ein ide kunne få teste ut sitt konsept for nokre veker. I løpet av 2024 var det både fleire tekstil-forretningar, vinbar og utsal av bakverk. Kommunen melder om at det har skjedd endringar i folk sine haldningar til sentrum; frå pessimisme til optimisme og tru på utvikling. På kort tid har dermed kommune og lokalt næringsliv endra både innhald i sentrum og folk sine tankar om sentrum.



Bilde: Pop up X banner. Foto: Anne Marie Andreassen

Bilde: Pop up X-lokalet. Foto: Anne Marie Andreassen

Bylivsstrategi – Fremtidens mobilitet og byrom, Molde. Molde kommune har gjennomført eit større arbeid knytt til mobilitet i Molde, med støtte frå Byen som regional motor. I desember 2024 var rapporten «Bylivsstrategi for Molde sentrum» ferdig utarbeidd, og inneheld både strategiar for mobilitet og byrom, og blir eit viktig strategisk verktøy.



Moglegheitsstudie Grandfjæra Vest, Molde. Molde kommune fekk i 2023 tilskot frå Byen som regional motor til å gjennomføre ei moglegheitsstudie for Grandfjæra vest, då dette området er peika ut som eit mogleg område for deponi av masser frå eventuell framtidig realisering av Møreaksen. Statens vegvesen hadde varsla oppstart av områderegulering, og kommunen ønska å gjennomføre ei utgreiing for området som skulle kunne legge føringar for områdereguleringa. Målet for kommunen har vore å sjå området i ein byutviklingskontekst. Influensområdet har dermed vore større enn sjølve tomta. Eln viktig del av oppdraget har vore å vise og vurdere ulike scenarier. Det har også vore jobba systematisk med medverknad i prosessen.



Illustrasjon: Situasjonsplan for Grandfjæra Vest

Tettstadprosjektet i Vestnes. Vestnes kommune har arbeidd med tettstadutvikling gjennom mange år, med Møre og Romsdal fylkeskommune som samarbeidspart og rådgjevar heile vegen. Mellom anna Postvegen (Kjøpmannsgata) gjennom Vestnes sentrum, Første del av Grøntaksen og ikkje minst Sjøfronten del 1 og 2. I 2020 fekk kommunen tilskot til prosjektleiing for å styrke samarbeidet mellom sentrumsaktørane. Prosjektleiinga vart lagt til Vestnes Næringsforum, og prosjektleiinga jobba både med realisering av konkrete tiltak (Kataholmen), hadde faste møtepunkt med næringsaktørar, og jobba med innhald og aktivitetar i sentrum. Dette toårige prosjektet vart avslutta og sluttrapportert på i 2024, men kommunen jobbar vidare med utvikling av Vestnes sentrum.




Illustrasjon: Prosjektrapport, Vestnes Næringsforum og Vestnes kommune



BILDE 1: Romsdals Budstikke BILDE 2: Vestnesavis BILDE 3: Sunnmørsposten BILDE 4: Bygdabladet

Sørsida/Kulturhavna, Ålesund. Sørsida utvikling AS, ved Sørsida Eieendomsselskap, har stått for gjennomføring av prosjektet som har vore omtala som eit "områdemodningsprosjekt". Sørsida/Kulturhavna er eit stort område for bytransformasjon, og forventna måloppnåing med prosjektet har vore at enkeltprosjekta som er planlagt å kome (skole, teater, bibliotek, bustadar etc) skal bli kjent lokalt og regionalt og få positive omtalepoeng. Prosjektet har gjennomført ei rekkje aktivitetar, både fysiske tiltak, arrangement og medverknadsaktivitetar.



Bilde: Aktivitetar på Kulturhavna. Foto: Memoria og Anne Marthe Vestre Berge.



Forprosjekt Harald Torsviks plass, Korsatunellen og St.Olavs plass, Ålesund.

Ålesund kommune har utarbeidd forprosjekt for utvikling av tre byrom. Kommunen har nytta utstrakt brukermedverknad og temporær kunst for å planlegge ny utforming av desse sentrale byromma.



Temporære kunstprosjekt i Ålesund. Foto: Mateo Christensen og Lin Marie Norberg Jacobsen

Pilot for bygdevekstavtale med Aure og Smøla. Program for berekraftig by- og tettstadutvikling har leia og koordinert fylkeskommunen sitt bidrag i arbeidet med pilot for Bygdevekstavtaler i Aure og Smøla. Tettstadutvikling er eitt av fire delmål i avtaleutkastet frå kommunane, som vart levert 29.11.2024. Målet er signert avtale og handlingsplan mellom kommunane, staten, ved Kommunal og distriktsdepartementet og Møre og Romsdal fylkeskommune, våren 2025. Avtalen og handlingsplanen vil omfatte fleire av fylkeskommunen sine fagområde.



Foto: Delegasjon frå Aure, Smøla og Møre og Romsdal fylkeskommune på politisk møte i Oslo, 18. september 2024.



Prosjekt Vinterlys, Sykkylven. Foto: Anne Marie Andreassen

Besøk av Forum for stedsutvikling

28. og 29. august besøkte Forum for stedsutvikling sentrum i Ørsta, Sykkylven, Valldal, Åndalsnes og Molde.

Forumet består av nøkkelpersonar frå ulike departement, og direktorat, Riksantikvaren og andre institusjonar. I tillegg var representantar frå andre fylkeskommunar med. Reisefølget studerte nye torg, leikeplassar, byrom og parkar, som alle er eit resultat av samarbeidet med Program for berekraftig by- og tettstadutvikling, der kommunane har fått tilgang på kompetanse og tilskot. Dei møtte representantar frå kommunane og fekk innblikk i arbeidsprosessar og korleis samarbeidet har gått føre seg.

Kristin Omholt-Jenssen, seniorrådgivar i Kommunal- og distriktsdepartementet meiner den systematiske innsatsen ber frukter og at påtrykket frå fylkeskommunen har vore essensiell:

- Mitt inntrykk er at fylkeskommunen si langvarige og systematiske prioritering av by- og tettstadsutvikling, både fagleg og politisk, har vore avgjerande for mange av dei positive resultata som er oppnådd lokalt. Møre og Romsdal blir derfor av mange andre fylke sett på som eit forbilde for korleis en kan lykkast med stadutvikling regionalt, det er også ein viktig grunn til at vi la studieturen nettopp hit.

Omholt-Jenssen understrekar samtidig kor sentralt det lokale engasjementet er:

- Alle ordførarane vi møtte på studieturen ga uttrykk for at det gode, faglege samarbeidet med fylkeskommunen har betydd mykje. I tillegg har regionale tilskot til utgreingar og konkrete by- og tettstadsprosjekt vore viktig. Men utan aktive kommunar, næringsliv og innbyggjarar som ønsker å satse på staden sin, skjer det ingenting.

Sykkylven er ein av kommunane som har gitt sentrum eit ordentleg løft, og ein av stoppestadane på studieturen til forumet. Ordførar Olav Harald Ulstein i Sykkylven seier at tilskota til prosjekt og prosjektleiing, har sikra gode prosessar og etterlengta utvikling.

- Vi håpar sjølv sagt på meir samarbeid og fylkeskommunale midlar, slik at vi kan fullføre fleire av planane som ligg føre. Tettstadprosjektet har så langt, blitt svært godt mottatt av bygdefolket. Dei melder om auka trivsel og stor optimisme.

Eit mål for både Sykkylven, dei andre kommunane i programmet og fylkeskommunen er å bidra til at tettstadane og fylket er attraktivt for både noverande og framtidige innbyggjarar og har nok kompetanse og arbeidskraft. Ein raud tråd er å skape gode bumiljø, levande sentrum med kultur, handel, opplevingar og enkel kvardagslogistikk.

Utvalsleiar for Kultur og folkehelse i Møre og Romsdal fylkeskommune, Jessica Gärtner, er svært nøgd med tilbakemeldingane som fylkeskommunen fekk på studieturen, ikkje minst frå kommunane.

- Det er gledeleg å sjå arbeidet med tettstadutvikling gir så gode resultat. Vi ser også at det er viktig med eit godt samarbeid for å få fart på sentrumsarbeidet, og at fylkeskommunen er ein god lagspelar.



Besøk av Forum for stedsutvikling. Foto: Ingvild Gjerdsset

Kompetansetiltak

Vi arrangerte fleire kompetanse- og nettverksmøteplassar som samla deltakarar på tvers av store og små kommunar.

Kurs og nettverkssamlingar

14. mars: Kurs i reguleringsplanlegging: Fortetting med kvalitet.

Fysisk samling i Molde.
Sissel Arctander, arkitekt i Advansia og PhD stipendiat Anja Standal.
43 deltakarar.

11. november: Del & Lær – nettverksamling for og med kommunane.

Fysisk samling i Molde.
Innlegg og gruppearbeid.
42 deltakarar.

Frukostwebinar

1. mars: Kva gjer ein byarkitekt?

Therese Øijord Rustad,
byarkitekt Indre Østfold kommune.
34 deltakarar.

30. mai: Lys i stadutviklinga.

Kristin Bredal, sjefsdesignar, Zenisk as.
45 deltakarar.

3. september: Korleis jobbar ei sentrumsforeining?

Kristin Gustavsen,
adm. dir Norsk sentrumsutvikling.
33 deltakarar.

3. oktober: Riksantikvaren sin bystrategi

Jarle Jarleson Vaage, seksjonssjef
samfunnsavdelingen, Riksantikvaren.
36 deltakarar.

3. desember: God arkitektur og gode bumiljø. Kva skal til?

Christian Pagh, byutviklingseksperter og tidlegare
direktør for Oslo arkitekturtriennale.
49 deltakarar.



Fortetting med kvalitet, Molde 14.03.2024. Foto: Ingvild Gjerdset



Illustrasjon: Frukost-webinar 3.12.2024



Del & Lær, Molde 11.11.2024. Foto: Ingvild Gjerdset

Plan for arbeidet i 2025

5.1 Program med nytt innhald i 2025

I 2024 vart Program for berekraftig by- og tettstadutvikling etablert som eit samarbeid mellom Stab for strategi og styring, seksjon for plan, Kulturavdelinga og Kompetanse og næringsavdelinga. Planseksjonen tar ansvar for intern programkoordinering. Leveransar frå kultur- og næring - og kompetanseavdelinga er skildra under dei ulike satsingsområda.

Programmet har eit programstyre der fylkeskommunedirektøren er programeigar.

5.2 Satsingsområde i 2025

Det er i budsjettet for 2025 stilt 3 millionar kroner til rådighet til utviklingstiltak i regi av programmet. Av desse vil 500 000 kroner nyttast til kompetansehelevande tiltak for kommunane og 2,5 millionar kroner til tilskot til prosjekttretta tiltak i regi av kommunane.

5.2.1 Kvalitet i bygde omgivnader

Måten vi former stadene våre styrer korleis vi nyttar dei. Dette krev ein arkitektur som spelar på lag med menneska som brukar staden – ein inkluderande arkitektur.

I 2025 vil vi rette merksemd mot arkitektur som verktøy for å skape gode stadar og byar, og kva for eigna arbeidsverktøy i form av metodar, strategiar og framgangsmåtar kommunane kan ta i bruk. Vi har til dømes løyvd tilskot til Sykkylven kommune for utarbeiding av fargepalett for Sykkylven sentrum (2024), og Molde kommune fekk (2023) løyvd tilskot til arkitekturstrategi for Molde, som er under utvikling.

Vi vil følgje opp kvalitet som eit overordna tema både innanfor arbeid med bustad og byrom, og vil jobbe aktivt for å få fram

forbildeprosjekt i Møre og Romsdal.

5.2.2 Bustad og bustadpolitikk

Næringslivet har trekt fram manglande tilgang på bustadar som ei utfordring for å få tak i kompetanse og arbeidskraft. Til dømes kan tilflyttarar i distrikta ha vanskar med å finne eigna bustad på leigemarknaden.

Det er og stort behov for alderstilpassa bustadar i og nært sentrumsområda slik at fleire kan bu lengre heime. Dette verkar inn på kommunen sin tenesteproduksjon og helse- og omsorgsbudsjett. I 2025 vil vi fortsette samarbeidet med Husbanken og Statsforvaltaren for å auke kompetansen og styrke samarbeidet om å utvikle framtidsretta bumiljø og nabolag. Vi vil særskilt følgje opp bustad som tema gjennom Bygdevektstaltalen med Aure og Smøla, der sentrums- og bustadutvikling er eitt av delmåla.

Fylkeskommunen har i oppdrag å utarbeide kunnskapsgrunnlag i form av regional bustadbehovsanalyse. Men vi treng også gode, konkrete forbildeprosjekt: Korleis kan ein bygge bustadar i sentrumsområda våre som byr på gode bumiljø, nabolagskvalitetar, inkluderande arkitektur – som gjer stadane og byane våre attraktive i bu og leve i? Dette må kommune og lokale utbyggjarar jobbe saman om, og fylkeskommunen ønskjer å vere ein pådrivar for kvalitet i bustadbygginga – saman med andre relevante aktørar, som til dømes Husbanken. Saman med kommunar og utbyggjarar ønskjer vi å stimulere til å få fram forbildeprosjekt på gode bustadar og bumiljø i Møre og Romsdal.

5.2.3 Etablering av byrom for alle

Omgivnader som legg til rette for at folk i

alle aldrar møtast, bidrar til at staden blir attraktiv og relevant som møtestad for alle innbyggjarane i heile kommunen. Byromma og møteplassane skal ha god kvalitet og bidra til nye bilde av kommunen og Møre og Romsdal som region. Det overordna målet er auka attraktivitet og omdøme.

I 2025 vil vi i samarbeid med Fremsam – nettverk for helsefremmande samfunn, og Tverga, arrangere kurs for kommunane i korleis utvikle nye utandørs møteplassar. Kurset blir arrangert i Molde 29. april.

5.2.4 Samarbeid om sentrumsutvikling

Sentrumsutvikling er eit tema der mange må samarbeide. Offentlege og private aktørar må nytte sine verkemiddel og prosjekt slik at dei dreg i same retning. Vi erfarer at det manglar rutiner og organisering av samarbeid mellom ulike partar og at det manglar ressursar til å arbeide målretta med sentrumsutvikling i skjeringspunktet mellom offentlege og private aktørar. Vi vil fortsette med kompetanseheving om temaet og bidra i kommunale prosjekt som jobbar med å styrke samarbeid om sentrum. Per i dag har Sykkylven, Ulstein og Kristiansund tilsett prosjektleiar/sentrumskoordinator. Herøy kommune vil tilsette prosjektleiar i løpet av våren 2025. Vi vil i 2025 legge til rette for kunnskapsdeling og erfaringsutveksling mellom kommunane som arbeider med dette teamet.

Program for berekraftig by- og tettstadutvikling:



5.2.5 Næringsutvikling i sentrumsområde

Kompetanse- og næringsavdelinga har som ambisjon å lyse ut eit pilotprosjekt der kommunar, næringssselskap, utviklingsselskap kan søke om å få delta i eit utviklingsprogram for bedrifter som driv innan handel, service og tenestytting i by og tettstadene i distriktskommunane i fylket. Målet er å styrke den enkelte bedrift og sentrum si konkurransekraft ved å sette søkelys på kompetansebygging, moglegheiter og samarbeid.

Utviklingsprogrammet blir bygd opp rundt tre hovudtema:

- Leiling med fokus på kompleksitet i rolla som butikkdrivar
- Lønsemd i både butikk og gjennom tilleggstenester
- Samarbeid med kommune og lokalsamfunn for å tilby berekraftige servicetenester

5.2.6 Formidling av kulturarven

Byen som landskap representerer vårt kollektive minne. Heile byens historie bør difor vere representert i eksisterande bystruktur. Dette historiske mangfaldet av arkitektur, byggemetodar og variasjonar i skala vil alltid vere avgjerande for om byen står fram som attraktiv og berekraftig, både når det gjeld det økonomiske, miljøet og det sosiale.

Kulturavdelinga si prosjektskisse til praktisk gjennomføring av KIK-satsinga (kulturmiljø i kommunane) er inndelt i to hovuddelar: Først ein teoretisk fagdag i den lokale biblioteket. Så to praktiske fagdagar i bystruktur og bylandskap. Det er ikkje avklart kor dette blir gjennomført enno – dette må skje i dialog med aktuell kommune.

Hovuddrama for arrangementet er fastsett, men den endelege tematiske profilen er enno ikkje låst. For å få til ei best mogleg lokal forankring vil vi at dei inviterte lokale

byutviklingsaktørane skal vere med å definere endeleg vektlegging og profil. I møtet med dei lokale aktørane i februar vil moglegheitsrommet for arrangementet i inneverande år bli drøfta. Etter dette møtet vil det vere klart om arrangementet vil bli avvikla i 2025 eller 2026.

5.2.7 Kunst i offentlege rom

Sparebankstiftinga SMN inviterte hausten 2024 kommunar frå Møre og Romsdal til samling i Trondheim. Stiftinga ønsker å bidra til å realisere nye kunstprosjekt som vil vere med på etterlate eit permanent avtrykk i heile Midt-Noreg i samband med Nasjonaljubileet i 2030. Møtet var for å kartlegge interessa blant kommunane. Vi vil i 2025 følge opp dette arbeidet, og bidra med rettleiing for kommunar som vil vere med på dette. Prosjektet er i ein forprosjektfase og avklaringar om vegen vidare kjem i 2025.



Temporær kunst i Korsatunnelen, Ålesund. Foto: Mateo Christensen



Prosessbilde, Ringgata byrom Foto: Ålesund kommune

Gjesteskribenten: Olav Harald Ulstein, ordførar i Sykkylven

Tettstadprosjektet – ei positiv satsing



Som ordførar i Sykkylven har eg fått førespurnad om å kome med synspunkt kva satsinga på Tettstadprosjektet så langt har betydd for min kommune. Eg vil gjerne dele våre erfaringar med andre kommunar som tek del i dette prosjektet saman med fylkeskommunen.

Attraktivitet og bulyst

Kommunane er inne i ei tid der dei fleste slit med å levere forventa tenester. Satsing på tettstadutvikling blir ofte nedprioritert til fordel for «viktigare» saker, som mellom anna lovpålagde oppgåver.

I kampen om arbeidskrafta innser fleire kommunar etter kvart at det er viktig å prioritere by- og tettstadutvikling. Dette handlar om attraktivitet og bulyst. Skal ein kommune bli attraktiv, må den satse på trivsel og gode møteplassar i det offentlege rom. Dette gjeld spesielt utandørs areal som innbyggjarane skal opphalde seg på.

Arbeidet treng prioritet

For Sykkylven sin del har Tettstadprosjektet vore av ein avgjerande faktor, og har fått stor betydning for framveksten i sentrum. Prosjektet og samarbeidet med fylkeskommunen har vore ein «gamechanger» for Sykkylven kommune. Dette har gitt oss moglegheita til å engasjere ein prosjektleiar

som er dedikert til denne oppgåva. Noko som har resultert ei tydeleg og målretta satsing. Prosjektleiaren er kunnskapsrik og har eit stort repertoar av gode idear.

Omdømebygging i praksis

Det er ingen tvil om at arbeidet som så langt er lagt ned i Tettstadprosjektet har endra folk sine oppfatningar av eigen kommune. At det blir satsa på trivsel og gode møteplassar, har gjort noko med innbyggjarane i Sykkylven. Mi oppleving er at mange omtalar kommunen på ein annan måte i dag enn for nokre år sidan. No rår det optimisme og glede ved å bu i Sykkylven. Dette er eit resultat av arbeidet med Tettstadprosjektet.

Ei ung dame som var sommarvikar som journalist i lokalavisa intervjuar meg i samband med eitt av tiltaka som vart ferdigstilt i 2024. Journalisten meinte at det var ei anna stemning i bygda då ho kom heim på ferie i år enn det ho hadde opplevd tidlegare. Alle ho snakka med sa at sentrum hadde utvikla seg på ein god måte, og at der var meir liv og røre. Lokale som framleis er ledige, har fått lys, og det meinte ho gav ein positiv effekt. Dei nye trivselstiltaka og møteplassane var både samlande og inkluderande. Med andre ord, det var ei god oppleving å kome heim.

Med slike utsegn kan eg som ordførar føle meg trygg på at satsinga på Tettstadprosjektet er rett for min kommune. Dette betyr noko, ikkje berre for bygdefolket, men også for tilreisande som kjem til Sykkylven.

Samarbeidet med fylkeskommunen

Noko av suksessfaktoren har vore den gode dialogen med fylkeskommunen. Økonomiske tilskott har vore avgjerande, men også eit godt og konstruktivt samarbeid har vore avgjerande. Dei involverte i fylkeskommunen har vore svært delaktige i alle prosjektet sine fasar, både før, under og ikkje minst etter. Det har vore kjekt å få besøk i ettertid for å kunne vise fram det vi har fått til i fellesskap.

Sykkylven kommune har fått tildelt fylkeskommunale midlar til å halde fram med Tettstadprosjektet også i 2025. Dette vil gi oss moglegheiter til å gjennomføre nye og framtidsretta tiltak som vil auke trivsel, bulyst, og samtidig gjere sentrum meir attraktiv.

Olav Harald Ulstein

Ordførar
Sykkylven kommune
Desember 2024



Biblioteksparken, Sykkylven. Foto: Kristin Støylen



Prosjekt Vinterlys. Foto: Anne Marie Andreassen



Prosjekt Pop up X Aure. Foto: Anne Marie Andreassen



Møre og Romsdal
fylkeskommune